

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Beit og Brom

Oppskr. av: Kari Haga

(adresse): Baldersheim

Fylke: Hordaland

Herad: Strandvik

Bygdelag: Revrestrand

Gard: Haga

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Her i bygdi var det fyra i tidi mykje brukt å ta björkeris og anna sveg til hjelpefor om vintren. På somme gardar nyttar one det enno når det høver so one er forlette. Ein kalla det helst å svega. Sumne sejer og risa. Det er helst björk ein brukar.

2 Ein kalla det å „gå å svega“ eller „gå å risa“. Ein brukar dei kjøregreier som høver for lende og føret, drag, dragblee eller vankq slæ. Dei som ikkje har lust bar det heim på ryggen. Ein kvista då riset av der ein fell trei.

3. Å ta björkeris til for er mest brukt på etterjolsvintren, mest febr. mars og april. Dei som har best kjører heile trei heim og kvistar svege av heim i tinnst. Ordet Brom har eg aldri høyrst vore brukt om sveg og ris.

4 Ein brukar helst sigd å skjera riset ned, men somme brukar og laggelmsoren den ein brukar om hausten når ein „lågga“ (laga lauvlejár) Det er ein stor bein kniv med skaft på.

5 Det er berre kyrne som får bjørkeris som er henta vinterdags. Ein gjev det til beisti som det er og for seg sjölv, helst om kvelden etter på det andre foret.

6 Riskästen - risdungen har ein helst liggjande so nær floren som råd er. Er det snö og frost so riset er telaka let ein det liggja inne i floren ein dags tid so det tinar fyr ein gjev det. Det har aldri vore bruket her å sleppa kyrne ut i riskästen.

(Sanne her bruke å köyra heim brake som dei legg i dungar ved löa, og slepp säene ut i om vinteren.

7 Denne skikken som her er spurd om kjennur ein ikkje her i bygdi og har aldri höyrt om den heller.